

### **3. Reglement – arbeidsvilkår og godtgjersle for medlemmar av fellesnemnda**

#### **3.1. Føremål**

Reglementet har til føremål å sikra medlemmar av fellesnemnda kompensasjon for sin arbeidsinnsats, erstatning for tapt arbeidsforteneste og dekning av reelle utgifter i samband med utøving av dette vervet, jfr. Kommunelova §§41 og 42.

Krav om møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste og køyregodtgjersle må minimum sendast kvartalsvis. Dette for å få krava med i rett rekneskapsår.

#### **3.2. Møtegodtgjersle**

Medlemmar av fellesnemnda har rett til godtgjersle for møta i nemnda med kr 1000,- pr. møte. Ordførarar og varaordførar som ikkje har krav på godtgjersle for verv i kommunale organ i eigen kommune har heller ikkje krav på godtgjersle i fellesnemnda.

#### **3.3. Vederlag for tapt arbeidsinntekt.**

Medlemmar av fellesnemnda har rett til å få utbetalt vederlag for tapt arbeidsinntekt når arbeidsgjevar har føreteke trekk i lønn, eller for utlegg til vikar. Trekk i løn skal dokumenterast av arbeidsgjevar.

Sjølvstendig næringsdrivande får dekka tap i inntekt + sosiale utgifter av kompensert beløp, når tapet er dokumentert med oppgåva frå firma.

Dette kjem i tillegg til vanleg møtegodtgjersle.

Arbeidsgjevar som ikkje trekker arbeidstakar i løn kan krevje brutto utgifter til løn frå kommunen.

Tap og utlegg må kunne dokumenterast, og må stå i rimeleg høve til medgått møte- og reisetid. Tap i pårekna overtidsarbeid eller anna ekstraintekt blir ikkje erstatta.

Retten til vederlag for tapt arbeidsforteneste gjeld og rimeleg kviletid for skiftarbeid / turnusarbeid.

#### **3.4. Telefonutgifter**

Det vert ikkje gitt dekning av telefonutgifter i samband med fellesnemnda.

#### **3.5. Køyregodtgjersle**

Køyregodtgjersle blir utbetalt etter statens regulativ.

#### **3.6. Godtgjersle til leiar og nestleiar**

Det vert ikkje gitt ein eigen godtgjersle for leiar og nestleiar av fellesnemnda.